




Naustdal kommune
- med kultur for utvikling



Naustdal kommune Kommunedelplan for kulturminne 2017-2020

**Frå Meld. St. 35 (2012-2013) *Framtid med fotfeste-Kulturminnepolitikken;*
Meld. St. 35 (2012–2013)**

Gjennom ca. tolv tusen år har menneske levd, virka og sett spor etter seg i det som i dag er Norge. Mange av spora er forsvunne, dels på grunn av erosjon, forvitring og gjengroing, og dels på grunn av aktivitetane til dei generasjonar som har kome etter. Kulturminne og kulturmiljø som er her i dag, er resultat både av tilfeldigheiter og av at ein bevisst har valt å ta vare på dei. Desse kulturminna er uerstattelige kjelder til kunnskap og opplevingar. Dei omfattar alt frå element i kulturlandskapet, som gravhaugar og steingjerder til bymiljø og tekniske og industrielle anlegg. Desse spora, og samanhengen mellom dei, er ein del av det levande samtidsmiljøet og utgjer også eit viktig grunnlag for morgondagen sitt samfunn. Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar. Blir dei øydelagt eller fjerna, er dei tapt for alltid.

Innhald

1	INNLEIING	4
1.1	BAKGRUNN, ORGANISERING OG PROSESS	4
1.2	FØRINGAR OG DEFINISJONAR	5
2	MÅLSETJING	8
2.1	FØREMÅL MED PLANEN	8
2.2	HOVUDMÅL	9
2.3	DELMÅL	9
3	KULTURMINNE I NAUSTDAL – HISTORISK TILBAKEBLIKK	10
3.1	INNLEIING	10
3.2	DEI FØRSTE NAUSTEDØLINGANE	10
3.3	TO TETTSTADER	12
3.4	KULTURMINNE FRÅ FJORD TIL FJELL - EIT UTVAL	13
4	PLANREALISERING	26
4.1	FIRE KULTURMINNELØYPER	26
4.2	ANDRE KULTURMINNE	29
4.3	PRIORITERTE KULTURMINNE	31
5	HANDLINGSPLAN	32
6	KJELDER	34
7	VEDLEGG	34

1 Innleiing.

Kommunedelplan for kulturminne i Naustdal kommune 2017-2020 er den første som er utarbeidd for kommunen. Planen er ein delplan av kommuneplanen.

I tillegg til tekstdelen innehold planen ulike vedlegg som gjeld kulturminneløyper og oversikt over kulturminne i Naustdal kommune.

1.1 Bakgrunn, organisering og prosess

Kultursatsinga i Naustdal tek utgangspunkt i aksen fortid – notid – framtid. Om vi tek med oss det beste frå fortida inn i notida står vi betre rusta til å leggje planar for framtida. Samtidskunst, kultur og næring og tusenårsstaden Sanden er valt som fokusområde for satsinga (ref. *Kommunedelplan for kultur 2012-2015*).

Dei lokale kulturminna er ein viktig del av kultursatsinga og Naustdal kommune ønskjer ei god forvaltning av sine kulturminne. Ein lokal kulturminneplan er eit verktøy for dette, men gjev ikkje noko juridisk vern for kommunal eller privat eigedom. Det er likevel slik at når Naustdal kommune vedtek den lokale kulturminneplanen vil dette kunne medføre auka midlar gjennom stønadsordningar og tilgang på rettleiing i bruk og vedlikehald.

Planarbeidet har vore organisert av eining kultur i Naustdal kommune og ei arbeidsgruppe saman med prosjektleiar har gjennomført arbeidet. Arbeidsgruppa består av lag, foreiningar og privatpersonar. Frå kommunen har Ann Lisbeth Lesto, Britt Kringlen, Henning Malones og Ørjan Stubhaug delteke.

Prosjektleiar i første del av arbeidet var Ann Lisbeth Lesto og i siste fase Britt Kringlen.

Politisk styringsgruppe er utval for plansaker.

Det praktiske planarbeidet er gjennomført ved at ein har engasjert lag og foreiningar og privatpersonar.

- 27.5.15 kulturminnekveld i Kyrkjelydshuset. Her kunne folk komme med innspel.
- 15.6.15 kurs i kulturminneregistrering
- 17.9.15 hadde vi kulturminnedag som del av nasjonalt program, kartlegging av kulturminner Rundt Naustdal var tema. Ut i frå det kartet kor vi plotta inn kulturminne har Naustdal Sogelag laga kulturminneløypa rundt Naustdal. (sjå vedlegg 1)

Informasjon om desse tilstellingane var publisert på facebook, på nettsidene til kommunen og ved e-post til lag/organisasjonar og privatpersonar som melde si interesse den første kvelden. Det blei også nytta «Det skjer i Firda» Kulturminnedagen vart annonsert nasjonalt via <http://kulturvern.no/kulturminnedagene/>

Kulturminna vert registrert i Askeladden og i kulturminnesøk. I kulturminnesøk kan kven som helst registrere. Naustdal sogelag vil til dømes prøve å registrere kulturminna dei har samla inn. Kulturminna som skal registrerast i Askeladden er det kommunen sine folk som må registrere. Det er dei prioriterte kulturminna frå plandokumentet som skal førast inn i Askeladden.

Kvifor lokal kulturminneplan

Sogn og Fjordane fylkeskommune satsar på lokale kulturminneplanar, i samarbeid med Riksantikvaren. Satsinga rettar seg direkte mot kommunane og deira arbeid med forvaltning av kulturminneverdiar.

Grunngjevinga for satsinga er at kommunen er ein hovudaktør i forvaltninga av kulturhistoriske verdiar som kan kople satsinga med utvikling av attraktive og verdiskapande lokalsamfunn. Samstundes er det også stor interesse og mykje lokalt engasjement knytt til historie, kulturarv og kulturminne.

Mange kommunar og lokalsamfunn, museum, lag, foreiningar og enkeltpersonar gjer ein stor innsats for å registrere og dokumentere kulturarven. Likevel går mange kulturminne tapt. Kommunar og innbyggjarar etterlyser kompetanse om kulturminnevern og oversikt over kulturminne i eigen kommune.

Kulturminna er viktig for identiteten vår. Kulturminne og historiske miljø er faktorar som gjer ein stad interessant. Å ta vare på særpreget og utvikle det vidare i respekt for verdiane utgjer også ein viktig ressurs for turisme og reiselivet i kommunen.

Historiske verdiar er viktige element i ei miljømessig heilskap og slike verdiar må vektleggast som ein premiss for utvikling. Dei nasjonale føringane eller lokale føresegner på forskjellige nivå har ikkje som hensikt å være bremseklossar, men er meir for å sikre at vesentlege verdiar ikkje går tapt i våre lokalsamfunn.

Arbeidet med kulturminneregistrering og kulturminneplan skal ha lokalt eigarskap og forankring. Dette vil sikre lokalt engasjement og kompetanse. Naustdal kommune har lagt dette til grunn i planarbeidet og den lokale forankringa inneber at kommunane sjølv definerer prosessen og innhaldet, samt står for gjennomføringa fram til ferdig plan. Kommunane kan velje å gjere arbeidet sjølve, men kan også trekke inn skular, museum, bibliotek, friviljuge, sogelag osv. i arbeidet. I Naustdal har lokale lag og foreiningar delteke aktivt i prosessen.

Kulturminneplanen og dei utvalde tema og verneområda vil ha betyding når det gjeld å vise kva Naustdal meiner er viktig å ta vare på. Dei ulike kulturminna i kommunen vert synleggjort og legg grunnlaget for ein kulturminnepolitikk som også gjenspeglar dei nasjonale måla for bevaring og bruk av kulturminne. Ein har og håp om at planen skal skape ei positiv haldning til bevaring og til å styrke identiteten i Naustdal .

1.2 Føringar og definisjonar

1.2.1 Lover

Følgjande lover er styrande for kulturminneforvaltninga:

- LOV 1978-06-09 nr 50: Lov om kulturminner (kulturminneloven)
- LOV 2007-06-29 nr 89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)
- LOV 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

1.2.2 Nasjonale føringer

Riksantikvaren skriv dette om nasjonale føringer (lokale kulturminneplanar er del av deira satsing) : *Bakgrunnen for prosjektet*

Det er ei nasjonal målsetting å redusere tapet av verneverdige kulturminne, jf. Nasjonalt miljømål 2.1. For å nå dette målet, må ein ha oversikt over desse kulturminna i kommunen.

- Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner. Det kongelige Miljøverndepartement
- St. meld. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste legg vekt på styrking av den kommunale kompetansen på kulturminnefeltet, og på kor viktig det er at kommunane skaffar seg oversikt over verneverdige kulturminne i kommunen gjennom kulturminneplanar.
- KIK-prosjektet er ein del av Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltinga som er Riksantikvarens satsing for ei kunnskapsbasert, målretta og effektiv kulturminneforvalting.
- «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging»

1.2.3 Regionale føringer

- Fylkesplan 2005-2008
- Kulturstrategi 2015-2018
- Prosjekt Lokale kulturminneplanar

1.2.4 Definisjonar

Kulturminnelova definerer kulturminne slik i §2:

«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.

Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng»

Fornminne

Dette er kulturminne frå før reformasjonen i 1537. Desse kulturminna er automatisk freda.

Nyare kulturminne

Dette er kulturminne frå tida etter 1537. Slike kulturminne kan bli freda etter enkeltvetak, eller regulert til bevaring gjennom plan- og bygningslova.

Faste kulturminne

Er kulturminne som er jord – eller stadfaste. Arkeologiske funn inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jord eller under vatn. Kulturminneplanen omfattar faste kulturminne, og dermed ikkje gjenstander.

Lause kulturminne

Er kulturminne som kan flyttast.

Immaterielle kulturminne

Er praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. Er knytt til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, segn og hendingar.

«Kulturminner er mer enn bygninger, tufter og andre fysiske spor etter levd liv. Også muntlige tradisjoner og uttrykk, fortellinger, musikk, skikker, ritualer og kunnskap og ferdigheter nedarvet gjennom generasjoner, er kulturminner. Disse går under fellesbetegnelsen 'immaterielle kulturminner eller 'immateriell kulturarv'.» (Frå Kulturminner i Gjesdal)

Listeførte kyrkjer

Alle kyrkjer som er bygde mellom 1650-1850 , samt dei kulturhistorisk mest verdifulle kyrkjene frå 1850, er listeført. Saker som vedkjem endringar i og ved listeførte kyrkjer skal sendast til Riksantikvaren for uttale før biskopen fattar vedtak etter kyrkjelova.

Museumsvern

Kulturminne som musea eig eller har vedlikehaldsansvar for. Desse er som regel ikkje freda etter kulturminnelova. Musea kan vere offentlege, halvt offentlege, private, stiftingar eller anna organisasjonsform.

Offentleg vern

Kulturminne, bygningar og andre faste kulturminne, som det offentlege eig eller har vedlikehaldsansvar for. Kulturminnet skal bevarast, men treng ikkje ha opphavleg funksjon eller museal funksjon.

Omsynssone bevaring

Kulturminne og kulturmiljø som er sikra ved regulering eller som er bandlagt for seinare sikring gjennom regulering etter plan og bygningslova både i kommunedelplanar og i reguleringsplanar.

Bygningar og område i SEFRÅK

Sekretariat for Registrering Av Faste Kulturminne: Registrerte dei fleste bygningar oppført før 1900 som er aktuelle for sikring ved formelt vern gjennom freding eller ved

regulering til omsynssone «bevaring.» Dette er eit register som kommunen må ta omsyn til i lokalt planarbeid.

2 Målsetjing

2.1 Føremål med planen

Kulturminne og kulturmiljøa utgjer betydelege ressursar for samfunnet. Kulturminna våre er viktige kunnskapsberarar som er med på å fortelje oss om vår historie. Dei er viktige identitetsberarar som fortel oss kven vi er og kvar vi kjem frå. Kulturminne gjev kjelder til kunnskap, oppleving og verdiskaping. Fortida sine historiske utviklingstrekk, kan fungere som eit kikhol til fortida. Fortidas sine kulturminne er med oss i notida og gjev oss grunnlaget til å skape framtida sitt samfunn. Det er difor viktig å gjere kulturminna kjende og tilgjengelege for folk.

Alt kan ikkje takast vare på, difor må vi prioritere. Denne kulturminneplanen skal fungere som eit verktøy i kommunen si kulturminneforvaltning. Planen skal hjelpe oss å ta vare på spora etter fortida sine menneskelege aktivitetar.

Svært mange av kulturminna har ein bruksverdi. Eit viktig føremål med denne planen er å synleggjere dei kulturminna som finnast i kommunen, men også kome fram til ei semje om ein kommunal strategi på korleis ein kan ta vare på desse.

I saker der kulturminna og kulturmiljøa kan verte påverka skal denne planen bidra til at desse vært ivaretatt på ein føreseileg måte. Planen skal også være eit bidrag til eit forbetra samarbeid mellom kommunen, private tiltakshavarar, organisasjonar og andre offentlege etatar.

Frå 2020 vert Naustdal, Jølster, Gauldalen og Førde slegne saman til ein kommune. Som del av ein større kommune er det viktig at dei tidlegare kommunane ikkje misser det positive og aktive engasementet i sine lokalmiljø. Lokal engasjement har skapt og skapar lokale verdiar og utvikling som det offentlege ikkje kan få til åleine. Storparten av kultur- og idrettsaktivitet i lokalmiljøet er drive på frivillig basis. Denne planen må sikre at Naustdal sine kulturminne også vært ivaretatt i den nye storkommunen.



2.2 Hovudmål

KMD har uttrykt statlege forventingar til regional og kommunal planlegging, vedteken i kongeleg resolusjon 12.6.2015. Her er det slått fast at kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i samsvar med nasjonale mål. Likevel er det eigarane som er ansvarleg for å ta vare på kulturminna på ein god måte. For å gjere dette må ein ha kunnskapar og ressursar.

Det er dei offentlege myndighetene som har det overordna ansvaret i kulturminneforvaltninga, noko som mellom anna vert regulert igjennom kulturminnelova.

Kulturminneplanen skal vere ein pådrivar i høve formidling, bruk og tilrettelegging av kulturminne. Skal vi forvalta kulturminna på ein god måte, må vi kjenne historia. Difor må kulturminna settast inn i ein historisk samanheng.

Med dette som utgangspunkt er difor hovudmålet med planen formulert.

Hovudmål:

Ved auka kunnskap om og ivaretaking av kulturminne skal kulturminnevernet styrkast.

2.3 Delmål

For å nå hovudmålet er det utvikla meir konkrete delmål og tiltak. For å lukkast i dette arbeidet må kommune, objekteigarar, dei friviljuge lag og organisasjonar spele på lag. For å lukkast med planen er ein avhengig av å få til ein felles innsats frå private og offentlege organ.

Delmål	Tiltak
Auka kunnskapen om kulturminna i kommunen	Opplyse om kulturminna ved å etablere kulturminneløyper. Digital formidling av kulturminne; www.kulturminnesok.no Nytte kulturminneplanen som verkemiddel til å styrke Naustdal si kulturhistorie
Kartlegge og gjere kulturminna tilgjengelege	Etablere kulturminneløyper
Opplyse om kulturminna ved skilting	Etablere kulturminneløyper
Sikre ei god og føreseieleg forvaltning	Etablere kulturminneløyper I rullering av kommunedelplan for sentrum vurderast å etablere omsynsoner etter pbl.

3 Kulturminne i Naustdal – historisk tilbakeblikk

3.1 Innleiing

I dette kapittelet tek vi først eit raskt tilbakeblikk på kjent historie frå det geografiske området Naustdal kommune. Deretter er det laga ei omtale av eit utval av dei viktigaste kulturminna i kommunen i kapittel 2.4.

Teksten om «dei første Naustedølingane» og «to tettstader» er basert på heftet Natur og kultur i Naustdal (1995), Bygdeboka (band 3, allmensoga, 1999) og artiklar skrive av Harald Jarl Runde. Føremålet er å gje eit hovudinntrykk av kulturutviklinga i Naustdal, ikkje å skildre heile soga.

3.2 Dei første Naustedølingane

I 1990 vart det funne spor etter dei første naustedølingane på Engebø i form av teikn på busetjing frå slutten av steinalderen og byrjinga av bronsealderen. I same området har ein i seinare utgravingar funne restar av ein buplass frå eldre steinalder, ca. 4000 år f.Kr. og yngre steinalder, 2400 år f. Kr.


I Vevring kjenner ein til tre gravrøyser frå førhistorisk tid. Desse er nord for Horneneset, og søraust for kyrkja, på sørsida av fylkesveg 611, finn ein busetnad og aktivitetsområde frå steinalderen. På Gardsbøen i Naustdal er mellom anna eit båtstøanlegg funne i spor etter ei større nausttuft datert til folkevandringstida (400-600 e.Kr.) Det er også funne spor etter busetnad og ulik bruk over 200 år frå tidleg bronsealder til merovingertid er avdekka.

Kring år 1300 budde ei ætt på sjølve garden Naustdal som tilhørde topparistokratiet i Noreg; Eilivane. Grunnlaget for politisk makt i den tida var ætt og jordegods og ein fann Eilivane i kongens råd. Ætta hadde ein god del av jordegodset sitt i heimbygda, og mange av naustedølingane må ha vore leiglendingar under Eilivane.

AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE I NAUSTDAL

KATEGORI	MINNE ART	OPPRINNELEG FUNKSJON	DATERING	VERNE-DATO	STAD	KULTUR-MINNE ID
Kyrkje	Kyrkje	Religion	1891	2001-03-26	Naustdal sentrum	85096-2
Arkeologisk minne	Heller	Bolig, bosetning	Før-reformatorisk tid	1983-07-05	Nær Ullaland-feltet	55209-1
Arkeologisk minne	Dyrkings-flate	Landbruk	Bronsealder	2011-08-26	Sæla	150682-1
Arkeologisk minne	Koegrop	Bolig, bosetning	Eldre bronsealder	2011-08-26	Sæla	150683-1
Arkeologisk minne	Aktivitetsområde	Bolig, bosetning	Bronsealder - jernalder	2011-08-24	Sæla	150678-1
Arkeologisk minne	Dyrkings-flate	Landbruk	Før-reformatorisk tid	2009-11-12	Engebø	132298-1
Arkeologisk minne	Boplass	Bolig, bosetning	Steinalder	1991-05-01	Vevring	33587-1
Arkeologisk minne	Ildsted	Bolig, bosetning	Jernalder	2002-04-17	Naustdal, gbnr 99/14	112430-2

KATEGORI	MINNE ART	OPPRINNELEG FUNKSJON	DATERING	VERNE DATO	STAD	KULTUR-MINNE ID
Arkeologisk minne	Aktivitetsområde	Bolig, bosetning	Senneolitikum - bronsealder	2009-11-20	Engebø R5, Likkjhestølen	134521-1
Arkeologisk minne	Tjærmile	Industri, fremstilling, produksjon	Eldre jernalder	2013-01-07	Ved Storevatnet	160972-1
Arkeologisk minne	Tjærmile	Industri, fremstilling, produksjon	Jernalder	2013-01-07	Reieveien, Ved Jonstadstølen	160973-1
Arkeologisk minne	Gravrøys	Gravminne	Bronsealder - jernalder	1986-07-14	Horneneset på Horne	25515-1
Arkeologisk minne	Gravhaug	Gravminne	Jernalder	1986-07-15	Helle	45472-1
Arkeologisk minne	Gravrøys	Gravminne	Bronsealder - jernalder	1986-07-14	Horneneset på Horne	45473-1
Arkeologisk minne	Bo-setnings-spor	Bolig, bosetning	Bronsealder - jernalder	2008-10-10	Engebø	125165-3
Arkeologisk minne	Kolgrop	Industri, fremstilling, produksjon	Jernalder	2016-09-23	Nær Naustdals-stølen	222347-1
Arkeologisk minne	Dyrkings-flate	Landbruk	Yngre bronsealder		Sæla	126795-1
Arkeologisk minne	Dyrkings-flate	Landbruk	Før-reformatorisk tid	2012-09-17	Nær Grimset	158437-1
Arkeologisk minne	Dyrkings-flate	Landbruk	Før-reformatorisk tid	2012-09-17	Nær Grimset	158439-1
Arkeologisk minne	Dyrkings-flate	Landbruk	Før-reformatorisk tid	2012-09-17	Nær Skei	158441-1
Kirke	Kirke	Religion	1846	2001-03-26	Vevring	85827-2
Arkeologisk minne	Dyrkingsflate	Landbruk	Bronsealder - jernalder	2017-01-04	Bervellene, Naustdal	224636-1
Arkeologisk minne	Boplass	Bolig, bosetning	Vikingtid	2006-07-30	Løken	100857-1
Arkeologisk minne	Bautastein	Hendelse, tro, tradisjon	Jernalder	1986-07-17	Nær Ullaland	73007-1
Arkeologisk minne	Stolpehull	Bolig, bosetning	Jernalder	2013-10-25	Bervellene, Naustdal (fjerna)	174235-1



Figur 2. Kart over automatisk freda kulturminne i Naustdal. . Kulturminneplan for Naustdal

3.3 To tettstader

Naustdal sentrum vert i bygdeboka skildra som ein tettstad, ein samlingsstad. Slik har det nok alltid vore. Her var ein naturleg samlingsstad for folk langs fjorden, og det var her dalingane måtte i båt med folk og varer om dei skulle reise ut. Her kom kyrkje og staden utvikla seg som tettstad på grunnlag av handel og mange slags tenesteytande tiltak. Friishuset var hovudhuset i handelstaden Naustdal.

I Vevring har Thingneset truleg vore eit senter i kring tusen år, først som hovdingesete (kring år 900) og sidan som gjestgjevarstad, handelstad, skipsekspedisjon og sete for kommunestyre og sorenskrivar. Haugianar-rørsla var stekt knytt til garden, og Hans Nielsen Hauge vitja Thingneset i 1803.

Ved innføringa av formannskapslovene i 1837 vart Førde prestegjeld delt i to kommunar: Førde, som omfatta sokna Holsen, Førde og Naustdal - og Vevring sokn, som vart eigen kommune. Vevring kommune omfatta bygder på begge sider av Førdefjorden: På nordsida frå og med Redalen og Helleneset i aust til og med Horne i vest. På sørsida av fjorden frå og med Hestvik i aust til og med Flokenes i vest. Naustdal skilde lag med Førde alt i 1896, då låg bygdene på sørsida av Førdefjorden frå Hellevang til Kråkenes under Naustdal. Grensene som Naustdal no har er frå 1. januar 1964 då delar av gamle Vevring kommune vart ein del av Naustdal.

I skrivande stund (2017) er det vedteke at Naustdal, Jølster, Gauldalen og Førde skal slå seg saman til ein kommune i 2020. Dersom alt går etter planen vil Naustdal sine 124 år som eigen kommune verte historie i 2020.

3.4 Kulturminne frå fjord til fjell - eit utval


Under følgjer ei oversikt over både eldre og nyare tids kulturminne i Naustdal. Dei som ynskjer meir utfyllande opplysningar kan finne dette i vedlegg til planen. Oversikta startar lengst vest i kommunen på Horne og endar opp i aust på Vona. For å syne kulturminne i heile kommunen representera oversikta eit utsnitt frå kulturminneløyptene i tillegg til andre sentrale kulturminne. (*meir info om kulturminna finn ein i vedlegga.*)

3.5 Vevring/Redal

Gravrøysene på Horne

Av Arne Johan Nærøy, Historisk Museum, Bergen (frå sogeskrift for Naustdal frå 1992)

På Horne lengst vest i Naustdal ligg tre gravrøyer. To av dei vart vart sommaren 1990 rydda og stelt i stand. Ei av røysene vart også delvis restaurert. Skjøtselstiltaka blei utførde av Fylkeskultursjefen i Sogn og Fjordane, som ved årsskiftet 1989/90 fekk overført ansvaret for skjøtsel og vernetiltak av førhistoriske kulturminne frå landsdelsmusea. (Fornminne er alle kulturminne eldre enn reformasjonen i 1537. Dei er automatisk freda ved Lov om kulturminne av 1978).



Figur 3 . Gravrøys på Horne truleg frå Bronsealderen (1800 til 1500f. Kr.) Foto: Arne Johan Nærøy. Kulturminneplan for Naustdal

Gamleskulen i Vevring

«Vefring» fekk første faste skulehuset i 1896. Denne låg på sletta ovanfor fjøsen til Thingneset. Skulen er i dag i privat eige og blir brukt til fritidsbustad.



Figur 4. Gamleskulen på Vevring. Foto: Ola Dag Thingnes. Kulturminneplan for Naustdal.

Thingneset

På Tingneset i Vevring står eit herskapeleg, toetasjes hus med halvvalma tak midt i ei klyngje av eldre bygningar. Huset er frå 1790, men vart utvida og ombygt i 1858. På Tingneset var det skysstasjon frå midten av 1600-talet, og frå tidleg på 1700-talet også gjestgiveri.

Anders Nilsson Feios, som fekk gjestgjevarløyvet på Tingneset i 1743, fekk også drive ein liten landhandel, sjølv om han ikkje hadde såkalla borgarbrev for handelsverksemd. Skysskaffaren på Tingneset var plikta til å stille rorskantar for skyssing av prest, fut og andre embetsfolk til nærmeste skysstasjon. Austover var det til Naustdal og Førde, og vestover til Hellevik ved Stavang eller Sauesund på Atløy.



Figur 5. Thingneset rundt 1900. Foto: ukjent.
Kulturminneplan for Naustdal

Skulpturmiljøet på Vevring

Ideen til ein skulptur med vatn ved Fjordtun og skulen kom frå biletkunstnar Arvid Pettersen. Det var bygd eldrebustader i bygda. "Her skulle vore noko stilt sildrande vatn som dei eldre kunne sjå på", uttalte han. Då Bård Breivik, skulptør, seinare gjesta ei utstilling og vart imponert over utstillingsmiljøet bygda hadde skapt, tende han på idéen om ein stein/vassskulptur i området (kjelde: Vevring og kunsten, s 95).



Figur 6. Thingneset med skulptur i framgrunn. Foto:
Britt Kringlen. Kulturminneplan for Naustdal.

Vevring kyrkje

I møte den 23. oktober 1843 hadde Vevring heradsstyre saka om ny kyrkje til handsaming. Heradsstyret hadde fått brev frå presten Friis som skreiv at kyrkja i høve til folkemengda trond utviding.

I eit brev til stiftsdireksjonen av 29. august 1844 frå prosten som då budde i Osen i Gauldal, går det fram at soknepresten hadde tilrådd å stengje kyrkja. Grunngjevinga var at kyrkja var så dårlig «at afholde Gudstjeneste i den, alsaavist naar det er stormende Nord



Figur 7. Vevring kyrkje. Foto: Britt Kringlen.
Kulturminneplan for Naustdal. 14

Vest». Kyrkjeeigarane og heradstyret hadde ikkje blitt samde om kor mykje pengar heradsstyret skulle bidra med, men no kom det eit press på dei om å komme til semje. Her vart rettsmøte på Thingnes 2. november 1844. Kyrkja i Vevring står på freda middelaldergrunn.

Minnestein over lekpredikanten Anders Redal

På kyrkjegarden ved Vevring kyrkje står ein gravstein til minne om haugianaren og lekpredikanten Anders Redal. Steinen vart avduka hausten 1935. I talen gav kapellan Johan Julseth eit utsyn over misjonsarbeidet i Vevring på 1800-talet og fortalte om Anders Redal sin plass i dette misjonsmiljøet.

Minnestein ved Vevring kyrkje



Figur 8. Grava til Anders Redal. Foto: Privat. Kulturminneplan for Naustdal

Minnestein over Leo Aarseth

Den 12. juni 1940 var Leo Aarseth frå Vevring lettmatros på tankskipet "Orkanger" på veg frå Abadan til Malta. Skipet vart torpedert, men mannskapet berga seg i livbåtane. Livbåten Leo var i blei smadra av ein torpedo. Han og fire andre miste livet. Etter krigen reiste bygdefolket ein minnestein ved Vevring kyrkje.

Biografi i bokverket Våre Falne. AARSETH, LEO, matros, Vevring. Fødd 3. juli 1923 i Vevring, s. til kaptein Samson Aarseth, f. 1891 same stad, og Thea Louise f. Vevring, f. 1895, d. 1929 same stad. Skuleskipskurs. Var på M/T Orkanger, og omkom 12. juni 1940 då skipet vart torpedert i Middelhavet på veg frå Abadan til Malta. Krigsmedaljen.



Figur 9. Minnestein over Leo Aarseth. Foto: Britt Kringlen. Kulturminneplan for Naustdal

Redal skule

I Redalen fekk dei skulehus i 1924. Første lærar i det nye skulehuset var Jørgina Vetvik. Ho skula her til ho slutta. Ho gifte seg med ordføraren i Vevring, Bertel Hundvebakke.

I 1941 kom lærar Lidvald Stubhaug til Redalen for å være lærar. Lidvald var frå Naustdal og han skriv slik om Redal skulehus: «*Med ferdakista frå Voss og Levanger reiste eg til Redal med ein liten lokalbåt. Det var ein laurdagskveld sist i august. Ei fredeleg, lita grend med gamle naust og det kvite skulehuset på bakken nett ovafor låg framfor meg i kvelds-sola. Her var vist ikke verken butikkar eller tyskarar, og ikkje skikkeleg veg, og ingen bil.*» (Frå private papir etter Lidvald Stubhaug)



Figur10. Redal skule. foto: Britt Kringlen. Kulturminneplan for Naustdal

3.6 Helle/Frammarsvik

Russenes Friluftsområde

Friluftsområdet ligg ved Ålesundet – det smalaste partiet av Førdefjorden. Strandlinja har mange svaberg og lune vikar og ei veksling mellom opne grasbakkar, hagemark og tett skog. Vegetasjonen i friluftsområdet er i hovudsak dominert av kystfuruskogar og blandingsskog – med innslag av svartor-sumpskog og mindre myrparti. Redusert bruk av området som beite har resultert i tette oppslag av einer. Fuktig kystklima gjev også gode tilhøve for moseflora som utgjer botndekke i fleire av skogane her.

Det markerte neset ved Ålesundet har hatt namn etter husmannen Engel. Han og kona Ane budde her på slutten av 1800-talet. Ruinane etter to små bygningar står enno fremst på neset, og restar etter ein steingard ligg noko aust for buplassen.



Figur11. Engleneset. Foto: Britt Kringlen. Kulturminneplan for Naustdal

Luftkampmuseet

Luftkampmuseet er til minne og informasjon om ein dramatisk dag mot slutten av krigen i Norge. Ein stor alliert flystyrke gjekk til åtak på ein tysk flåtestyrke i Førdefjorden, men vart sjølv angripen av tyske jagarfly. Dei allierte miste ti fly, tyskarane miste fem fly og i alt 24 menneske miste livet. Dette var ein dag som sette spor i Sunnfjord og hos dei involverte. Minnesmerker er sett opp både i Skottland og i Førde. Skvadronane og overlevande markerer fortsatt minna over dei falne og ønskjer å fortelje historia for å bidra til at historia ikkje skal gjenta seg. Angrepet gjekk galt og unødig mange unge liv gjekk tapt. I museet er det samla gjenstandar frå flyvraka, modellar og ei stor fotosamling frå hendinga. Ved eit besøk i museet frå du eit nært møte med hendinga og dei involverte partane. (sjå vedlegg 5 for meir info)



Figur 12. Flymotor. Foto: Geir Myklebust.
Kulturminneplan for Naustdal

3.7 Naustdal sentrum

Naustdal kyrkje

Naustdal kyrkje vart bygd i 1891. Kyrkja er den største i Sunnfjord med 650 sitteplassar og vert difor kalla "Sunnfjordkatedralen". Arkitekt var Adolf Schirmer, byggmeistrar Mons. N. Skare og Jørgen L. Torsheim.

Altartavla er kopi av kjend tavlemotiv av dansken Carl Bloch, ukjent kven som har måla kopien. Nattverdsutstyr frå 1629 og 1778, to vinkanner frå 1785, altarduk frå 1678, krusifiks frå 1713, messehakel frå 1785. To kyrkjeklokker frå 1702 og 1709. Naustdal kyrkje står på freda middelaldergrunn.



Figur 12. Naustdal kyrkje 2015. Foto: Øystein Ullaland. Kulturminneplan for Naustdal

Kyrkjeporten

Kyrkjeporten som er Korbogen frå den gamle steinkyrkja som vart rive i 1890 åra.

Den gamle korbogen i kleberstein er eit av minna frå den gamle steinkyrkja i Naustdal som vart riven i 1890 for å gje plass til den staselege Sunnfjordkatedralen.

Etter at korbogen vart reist som inngangsport frå sørsida, var skikken lenge at alle som skulle gifte seg måtte gå denne vegen når dei skulle inn i kyrkja



**Figur 13. Korbogen frå gamlekyrkja som i dag er port i kyrkjegardsmuren. Foto: Bertel Meek.
Kulturminneplan for Naustdal**

Gamle gravminne

På fleire eldre gravplassar står mange gravminne av kulturhistorisk verdi. Desse kan ofte fortelje om skiftande tidsaldrar sine gravskikkjar, om våre kjensler og haldningar til forfedrane våre, til døden og til sorga over dei som har gått bort.

På sørvestsida av Naustdal kyrkje, ikkje langt frå korbogen, står to gravminne. Desse er laga i støypejarn, men ”tidens tann” har tært på dei i over hundre år. Dei har ei sjeldan fin utforming og fin dekor.



**Figur 14. Jernkorsa ved kyrkjegardsmuren.
Foto: Britt Kringlen. Kulturminneplan for Naustdal**

Friis Gundersenhuset

Johan Sebastian Friis, presteson frå Førde, kjøpte i 1843 først Naustdalsgarden av Mads Boge Martens, og tok seinare over handel og gjestgiveri. Frå 1859 vart han den første dampskipsekspeditøren i Naustdal for Fylkesbaatane. Svingerson til Friis, Henrik Gundersen, var husmannsson frå plassen Naustdalslia. Han vart dampskipsekspeditør i 1879, og tok over handel og gardsbruk i 1885. Han utvida verksemda med fargeri heime på garden og ei mølle ved Naustdalsfossen, der han eigde elverettane på vestsida. Seinare bygde han òg ein snikkarverkstad ved fossen. Der arbeidde det 13 personar m.a. med produksjon av pinnestolar. Verkstaden brann i 1902, og vart ikkje bygd opp att.



Figur 15. Friis Gundersen-huset i Naustdal. Foto: Ottar Starheim. Kulturminneplan for Naustdal

Utdragingar på Gardsbøen. Storgard i Naustdal for 1500 år sidan

I samband med utvidinga av Naustdal kyrkjegard våren 2002, fann Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune restar etter eit nedbrent naust på om lag 30 meters lengde. Naustet vart datert til 400 og 600 e. Kr.

Hausten 2003 vart det gjort endå eit spennande funn av ein bygning, som også ser ut til å vere eit naust, like sør for det første naustet. Prøver frå dei nedbrende bygningsrestane er datert til 550 e. Kr.

Med spor av to nedbrente naust frå siste del av folkevandringstida er det naturleg å sjå desse bygningane som ein del av ein storgard i Naustdal på denne tida. Truleg har garden vore med på å legge eit tidleg grunnlag for lensmannsgarden ein har kunnskap om på 1200-talet (*meir info i vedlegg 1*).



Figur 16. Hus 1 sett mot vest med ovn før den ble snitta, til venstre i bilde. Foto: Live Johannessen . Kulturminneplan for Naustdal

Bautasteinen

På bøen nedanfor skulen står ein bautastein som i mange år har vore samlingsstad for heile bygda 17. mai. Steinen – som truleg er av gneisgranitt vart reist våren 1914, avduka og overlevert kommunen 17. mai 1914. steinen vart reist til minne om deltakarar frå Naustdal som var med på Napoleonskrigane 1807-1814. I fylgje opplysninga frå Fylkesarkivet sine internett-sider, var det Naustdal Ungdomslag som tok opp tanken om å reise minnesteinen og spreidde denne tanken til dei andre ungdomslaga. Steinen fann dei i Eikelia og er soleis ein naturressurs frå Naustdal. Han er 8,5 m. høg.



Figur 17. Bautasteinen på Berrvellene.
Foto: ukjent. Kulturminneplan for
Naustdal

Rodestein

Rodesteinar vart sett opp for å merkje vegstrekningar slik at ein hadde oversikt over kven som hadde ansvaret for vedlikehaldet. Kvart enkelt gardsbruk langs vegen fekk ansvar for vedlikehaldet av ein parsell. På rodesteinane vart det hogd inn nummer som viste kven som var ansvarleg for den enkelte vegstrekning. Rodesteinen står på Berrvellene, på gard nr. 99. bruks nr. 91, under hekken like ved bautaen.



Figur 18. Rodestein. Foto: Britt Kringlen.
Kulturminneplan for Naustdal

Stabbesteinar langs Øyravegen

Langs gamle vestlandsvegar ser ein framleis stabbesteinar; kvasse, opprette steinar som står solid planta der ein helst ikkje skal fara utføre. Her i Naustdal er det ikkje mange plassane vi har igjen stabbesteiner, men her langs Øyravegen er ein av stadane dei står.



Figur 19. Stabbstein langs Øyravegen. Foto: Britt Kringlen. Kulturminneplan for Naustdal

Nye Bærelva bru

Bærelva bru er ei kvelvingsbru som er bygd etter teikning datert 31. august 1912 og stillasteikningar av 26. november 1912 ved overingeniør Svein Vaage. År 1913 stod bruа ferdig med ei spennvidde/lysvidde på 8,00 meter med ei kvelvingshøgde på 1,6 meter.

Bærelva bru er ei vakker bru som er opparbeidd av dyktige vegarbeidrarar.

Henrik Ola Jakobsson Røyset f. 1868 – d. 1924 leia byggearbeidet. Steinen som er nytta i bygginga av denne bruа er henta frå steinbrotet ved hammaren der huset til avdøde Sigvald Hjelle, no Gunnvor Hjelle Eilertsen er, og var såleis ein lokal naturressurs.

(Teikningar av bruа er å finne i vedlegg 6)



Figur 20. Bærelva bru. Foto: ukjent. Kulturminneplan for Naustdal

Gamlebrua over Naustdalsfossen

I samband med at vegen mellom tettstadane Førde og Naustdal vart opna hausten 1937 (påbegynt i 1911 frå Førde, tok det 26 år før vegen vart ferdig). Samstundes vart også eit anna viktig spørsmål løyst, nemleg bru over Nausta til tettstaden Naustdal.

Frå gamalt av var det nytta ferjemenn til å frakte folk, og i nyare tid måtte oppsitjarane organisere skyss av skuleborn over elva. Ei bru ville løyse desse problema. Det var likevel sterkt usemje om kvar bruа skulle byggast – ”nede ved strandstedet” eller over Naustdalsfossen. Vegvesenet ynskte ei moderne stålbru, og alt den 7. april 1909 låg det føre teikningar av jarnfagverksbru over Naustdalsfossen med spennvidde på 43 meter og lysopning 42 meter. (Teikningar av bruа er å sjå i vedlegg)



Figur 21. Gamlebrua over Naustdalsfossen. Foto: Britt Kringlen. Kulturminneplan for Naustdal

Nybrua i Naustdal

Ringen er no slutta reint kommunikasjons-messig. Brua vart køyrande i 1970, men i byrjinga utan rekksverk og offisielt opna først i 1973. Samstundes vart hovudvegen- RV5 lagt utanom Naustdal sentrum og flytta ned på elvebarden. Ny veg utover langs fjorden var no lagt på ei fylling i fjøra framfor Løkjen . Stranda vart fylt opp med sand frå sjøområdet utanfor. Soleis vann ein nytt land og Naustdal sentrum fekk endra «ansikt» mot sjøsida.



Figur 22. Ny brua. Foto: Britt Kringlen.
Kulturminneplan for Naustdal

Kar til notbarking

Ned mot elva, ikkje langt frå Naustet til Andor Bøthun, ligg eit støypt barkekaret ca 1m. x1m. frå ca 1950. Karet vart nytta til impregnering av hampenot for å hindre algevekst.

Til å begynne med brukte dei bjørkebark til dette, derav namnet, seinare vart det nytta Blåstein eller Koparsulfat (giftstoff) som ein fylte opp i ein sekk og hengde den opp i barkekaret- der nøtene låg i helgefredsperioden frå fredag kl. 18.00 til måndag kl.18.00 altso i 3 døgn.



Figur 23. Barkekaret. Foto: Britt Kringlen.
Kulturminneplan for Naustdal

«Skulpturparken på Sanden»

Då **Oddvar Torsheim** fylte 75 år i 2013 vart Kyra avduka. Denne skulpturen er produsert av Sunnfjord Industri på Byrkjeflot etter ein modell som kunstnaren Geir Hjetland utvikla. Modellen er laga utifrå biletet "Nedkomsten" som Oddvar Torsheim måla i 1972 då prinsesse Märtha Louise vart fødd. Sjølve Kyra er produsert i corten-stål, medan kalven er i aluminium og laga av Geir Hjetland.

Til opninga i november 2013 hadde elevar og barnehageungar måla fleire titals miniutgåver av kalven.



Figur 24. Kyra av Oddvar Torsheim. Foto: Britt Kringlen. Kulturminneplan for Naustdal

Oddvar Torsheim hadde ungdomsåra sine i Naustdal og budde her frå han var ni til han var seksten år gammal.

Øya kor budeia og kyra står blir kalla «Bananøya» på grunn av forma. Den er bygd opp av stein som vart teke ut då Naustdalstunnelen vart bygd. Heile området vert kalla Sanden, og er ei gjenskaping av området slik det var på slutten av 1960-talet. Budeia er eit kunstverk laga av Kjartan Slettemark.

Det byrja med at kommunen fekk ein liten skulptur av Kjartan då han fylte 70 år. Skulpturen har vekt så mykje glede, at kommunen valde å lage ein stor statue av den.

Kjartan-rosene som står rett ved skulpturen vart avduka i 2013, fem år etter at Kjartan døydde.



Figur 25. Budeia av Kjartan Slettemark.
Foto: Britt Kringlen. Kulturminneplan for Naustdal.

Lone bru – Grimsetstolen

Denne turen er ein av mange turar som er organisert i Naustdal under «Over stokk og stein». Den har no også fått nemninga «Kulturminneløype nr. tre i Naustdal kommune» Når ein kjem med bil på den kommunale vegen til Kleppstølen, set du bilen på parkeringsplassen på Reset, og finn opplysningar på ei orienteringstavle om turløypa (stølsvegen). Lonebrua er bygd i 2010 og er det siste byggetrinnet på den fem km. lange vegen til Grimsetstolen. Stølsvegen er bygd på dugnad av stølseigarane i Åsedalen og utan noko offentleg bidrag anna en noko til Lonebrua.



Figur 26. Gamal slåttemark i reservatet. Foto: Jostein Sollid.
Kulturminneplan for Naustdal

3.8 Instedalen

Oppgangssag i Styggelifossen

På nordsida av fossen i Styggelia, der bruleiet var planlagt då Naustdalsvegen vart omlagt i 1940 åra, stod Sundssaga (*oppgangssag: ei sveiv som mata bladet opp og ned*). Det var far og son i Sundet, Ola (1814-1906) og gamle Andreas (1846-1926) som bygde saga. Eit naturleg tverrstikk i fjellet førte vatnet frå fossen mot land, såleis var det eit lett val å plassere saga her.

(Sjå vedlegg 4 for meir info.)



Figur 27. Ruin etter oppgangssaga i Styggelifossen.
Foto: Privat. Kulturminneplan for Naustdal

Strengebru ved Jubrauta

Å skulle krysse Nausta var ofte vanskeleg. Ved Ospøyna i Slettemarka vart det på slutten av 1800-talet strekt opp ei hengebru over mot ei furu på Skaflestad, under Jubrauta. Her kunne dei frakte over varer, samstundes som at skuleborna frå Slettemarka kunne nytte hengebrua. På Skaflestadssida hengde dei ei kasse på furua, i den vart posten levert. Difor vart treet kalla «Postfura». Brua klarte seg gjennom vinrar med snø og flaum, men vart ein gong kvelva av vind. Den vart då reparert og bardunert. Etter at det kom veg og ny bru lenger framme, vart strengebrua mindre brukt, og dermed ikkje vedlikehalden. På slutten av 1950-talet fall bruva ned. For nokre år sidan kom det eit ynskje frå innbyggjarar i Instedalen om å få opp att ei bru over Nausta, der den gamle hengebrua låg.



Figur 28. Strengebrua over elva ved Jubrauta. Foto:
Privat. Kulturminneplan for Naustdal

Gamleskulen på Fimland – skolemuseum

På Fimland står gamleskulen, bygd i 1902, som har husa fleire generasjonar av elevar, fram til nye Instedalen skule vart teken i bruk i 1981. I dag er bygget brukt til husflidsaktivitet: vefing. Planen er å få laga til skolemuseum her.



Figur 29. Gamleskulen på Fimland. Foto: Britt Kringlen. Kulturminneplan for Naustdal.

Bautastein på Antonshogen

Steinen vart reist i 1914 til minne om to brør frå Svorstølen som deltok i Napoleonskrigane i 1807-1814.

Anders f.1788, fall, medan Simon (1790-1886) kom att og overtok heimegarden.

Ungdomslaget Framsteg tok initiativ til å reise bautaen. Inskripsjonen på framsida er: «Live 1807-1814 minne», og «Det gjæve fæder i arv oss gav eit gitord som liver ut yver grav», eit Elias Blix-sitat.



Figur 30. Bautasteinen på Antonshogen i dag. Foto: Britt Kringlen. Kulturminneplan for Naustdal.

Tjæremile Vona

På garden Vona inst i Naustedalen finn vi ei tjæremile nedst på bøen. Vi veit ikkje kor gamal denne kan være, men det har budd folk på Vona sidan 1617.

Tjærebrenning er utvinning av tjære ved tørrdestillasjon av harpiksholdig trevirke. Tjære lagast av tyri som er feittstoffet, harpiksen, i kjerneveden og røtene til furu. Tjære blei brukt som impregneringsmiddel på båtar, hus, tau, fiskegarn og også som medisin. Det fins fleire teknikkar for å utvinne tjære som tjæremile, tjærehjell, tjæregrav, myrmiler, tjæreovn og i gryte.

(les meir i vedlegg 5)



Figur 31. Tjæremile på Vona. Foto: Britt Kringlen. Kulturminneplan for Naustdal.

4 Planrealisering

4.1 Fire kulturminneløyper

Kommunen ser eit stort potensiale i å kople og løfte fram kulturarv og -minner, kunst/skulpturar og naturvernområde og tilføre nye element langs eksisetarande og nye turstiar. På denne måten vil ein legge til rette for oppleving og formidling av kulturarv og kunst, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Tusenårsstaden Sanden er plassert midt i kommunen og har status som regionalt friluftsområde, og er alt ein viktig kulturarena i kommunen. Herifrå kan det utviklast forgreiningar, eit nett av løyper i heile kommunen med ulike tema der vi kan leggje til rette for oppleving av og læring om nær og fjern historie som har sett merke i Naustdal. Kultur og kunst er med på å forsterke inntrykka av naturen i kommunen.

Naustdal kommune prioriterer difor utvikling av kulturminneløyper. Desse kan være fleire stader i kommunen. Det er i første omgang utvikla tre løyper innanfor hovudprosjektet, i tillegg til to i samarbeid med grändalag. Dei einskilde løypene er skildra nærmere i vedlegg til planen.

Løypene og kulturminna vert registrert digitalt i kulturminnesok.no og ut.no. Løypene er lagt opp slik at det skal være mulig for funksjonshemma å kunne komme seg rundt i noen av dei. Løypa rundt Naustdal , i Vevring og Instedalen kan ein bruke bil. Løypa Lonebrua - Grimsetstølen går langs ein grusveg og har lett tilkomst for barnevogn.

Løypa i Lonebrua – Grimsetstølen er vel omrent ferdig , men dei andre må det leggast til rette med skilt.

Under følgjer ei kort skildring av dei aktuelle løypene.

4.1.1 Rundt Naustdal

Kulturminneløypa går rundt Naustdal sentrum. Løypa skal være tilgjengeleg for alle uansett funksjonsformer.

Kulturminna i løypa rundt Naustdal er mange, men har presenterast eit lite utval: Naustdal kyrkje, Kyrkjeposten, gamle gravminne, Friis-Gundersen huset, Utgraving av Naust på

Gardsbøen, Bautasteinen, Rodestein, Nye Berelva vru, Gamle bru, Stabbesteinar langs Øyravegen, Nybrua i Naustdal og Kyra og Budeia med Kjartanrosen. (*for meir info. Sjå vedlegg 1*)



Figur 32. Kulturminneløype rundt Naustdal. Målestokk 1: 10 000 Kulturminneplan for Naustdal.

4.1.2 Lonebrua-Grimsetstolen

Kulturminneløypa går fra Lonebrua gjennom kulturlandskap til Grimsetstolen øvst i Åsedalen. Det er tatt utgangspunkt i tur 12, i stiprosjektet «Over stokk og stein».

Her er gammal slåttemark, gammal torvgard, fargerik flora, dikjemyr, murar etter husmannsplassen Sollikvia, stølar og garden Kleppstølen (sjå Vedlegg 3)



Figur 33. Kulturminneløype Lonebrua - Grimsetstolen. Målestokk 1: 20 000 Kulturminneplan for Naustdal.

4.1.3 Vevring

Kulturminneløypa grå frå Horne til Redalen. Som følgje av store avstandar må ein bruke bil for å nå ytterpunktta.

Her finn ein Gravrøyser på Horne, Meieriet i Vassbotnen, landhandel på Vevring, Thingneset, Skulpturmiljø i Vevring, Vevring skule, Stavkyrkje i Vevring, Vevring kyrkje, Minnestein over lekpredikant Anders Redal, Minnestein over Leo Aarset, Steinalderbustad i Engebøvika, Vasskongen på garden Medvatne i Redalen og Redalen skule. (*Sjå vedlegg 2 for meir info.*)




Figur 34. Kulturminneløype Horne -Redal i Vevring. Kulturminneplan for Naustdal.

4.1.4 Instedalen

Kulturminneløypa går frå Styggelia til Antonshogen på Fimland. Kulturminne er registrert av Instedalen krins.

Frå Styggelia og innover finn ein rester etter oppgangssag i Styggelifossen, Strengebru ved Jubrauta, Posthuset på Fimland, Gamleskulen på Fimland, Bautasteinen på Antonshogen og gamle lører i utmark. (*Løene er ikkje avmerka i figur 35*) (*Sjå vedlegg 4 for meir info*)




Figur 35. Kulturminneløype frå Styggelia til Antonshogen på Fimland. Målestokk 1: 40 000. Kulturminneplan for Naustdal.

4.1.5 Russenes friluftsområde

Kulturminneløypa ligg ved Ålesundet i Førdefjorden. I 1985 kjøpte Staten 95 daa av området på Russenes og gjorde det om til friluftsområde.

Området går frå Engelneset til Bukkeneset, og er omfatta av svaberg, lune vikar og furuskog. Her er det godt eigna for fisking, grilling og teltovernattning.



Figur 36. Kulturminneløype Russeneset. Kulturminneplan for Naustdal.

4.2 Andre kulturminne

I tillegg til kulturminneløypene ynskjer kommunen at ein del andre kulturminne i Naustdal også vert prioriterte.

Det er viktig for oss at også ein del andre kulturminner blir tatt med. (Sjå vedlegg)

Det er viktig å få med andre kulturminne som ikkje kjem inn under kulturminneløypene. Det er gjort eit lite prioritert utval, i samarbeid med Naustdal sogelag.

Det kan være kulturminne som ikkje er innkome og ein må sjå på dette som eit lite utsnitt av det som finst i kommunen.

Kulturminne	Stad
Stikkgardar	Helle
Ludvig Olsson Buanes sin gangveg	Helle
Luftkampmuseet	Slettehaug
Utgravingar på Sæla	Sæla
Kolgrop	Stølsdalen
Henrys plass	Solsidevegen
Sperrestove	Jonstad
Hesteblokk	Skei
Steinstove	Reiakovam
Minnestein i utmark over lærar Sigurd Huus	Ved Horstadstølen
Tjærermile	Vona
Immaterielle kulturminner	
Segn frå Naustdal	Naustdal kommune

Dette er kulturminne som ikkje er ein del av ei kulturløype, men likevel er viktige kulturminne i Naustdal.

4.3 Prioriterte kulturminne

Dei kulturminna som er nemnde under punk 4.2 i planen er dei kulturminna som vi tar igjen i handlingsplanen.

Tabell med prioriterte kulturminne

Luftkampmuseet	Det har lenge vore arbeid med å få til ei stifting for luftkampmuseet. Difor prioriterast dette arbeidet i planen.
Bru over Bærelva	I Naustdal har vi berre ei slik flott bru, og den synes vi det er naudsynt å ta vare på. Det finnast ikkje mange slike bruer att i Sunnfjord. Gaular har nokre , men i nærområdet veit vi ikkje om nokon. Brua er over 100 år, så det er viktig for bygda å ta vare på den.
Gamlebrua over Naustdalsfossen	I Naustdal er det mange kulturminne frå eldre tid som er vekke, derfor ser vi det som viktig å ta vare på det som står att. I år er Gamlebrua 80 år og denne jarnfagverksbrua er eit flott byggverk.
Lonebru - Grimsetstølen	Området har ei rik historie, med stolar og naturvernområde. Det er viktig å få tilrettelagt området med meir skilting og opplysningar om kulturminna.
Strengebrua på Jubrauta	Brua som gjekk over elva her var ei viktig ferdelsåre for dei som budde i Slettemarka og Sunda. Det har vore arbeid med ein plan for å få sett opp igjen ei bru.
Gamleskulen på Fimland	Skulen på Fimland er eit bygg frå 1902. Det har ei tid vore jobba med å laga skolemuseum her. Ved å dra den inn i kulturminneplanen håpar vi på at vi kan få fortgang i arbeidet med å lage eit skolemuseeum.
Posthuset på Fimland	Posthuset står på eigedomen til Arne Kjell Fimland, han har fått restaurert huset og det er eit lite postmuseum der.
Thingneset	Thingneset er ei staseleg samling bygningar som er viktig å ta vare på. Her har det vore eit sentrum i kring tusen år. Vi ser det slik at ein så godt bevart bygningsmasse er spesiell og viktig.
Gamleskulen i Vevring	Dette er eit bygg frå omkring 1896. bygget er i privat eige, men vi tenkjer det er viktig å ta vare på det og hjelpe eigar med å løfte det fram.
Russenes friluftsområde	Russenes friluftsområde har ein unik vegetasjon, som er viktig å halde ved like og å gjere tilgjengeleg for folk. Her er også ein god del kulturminne som er viktig å få med seg.

5 Handlingsplan

Nedanfor presenterast prioriterte kulturminne i samsvar med kapittel 4.3.

Handlingsplan for prioriterte kulturminne

Kulturminne	År for påbyrjing	Kommentar
Luftkampmuseet	2018	Arbeide med å skipe ei stifting for museet i samarbeid med Håjen Kafé AS.
Bærelvbrua	2018	Sikre at området rundt Bærelva blir takast vare på. Ved rullering av Kommunedelplan sentrum bør ein vurdere omsynssone for området. Vurdere å få heile bruva inn i ein reguleringsplan. Bevare grøn struktur på begge sider av elva. Ta vare på «karemnen» til den gamle Bærelvbrua som ligg bewart. Det er påvist eit automatisk freda kulturminne i form av eit dyrkingsfelt i området. Sette av omsynssone.
Gamlebruva	2018/2019	Rehabilitering av Gamlebruva. Vil vurderast i samanheng med kommunens handsaming av handlingsprogram.
Lonebru- Grimsetstolen	2018	Skilting i området og få løypa tilgjengeleg på nett. Løypa vil publiserast på ut.no. Det vert arbeid med planar for å realisere ei dagsturhytte i dette området.
Strengebruva ved Jubrauta	2019	Få opp igjen ei bru der den gamle strengebruva gjekk. Realisering vil skje via eksterne midlar. Arbeidet med dette vil skje i regi av Bygdeutviklinga Instedalen
Gamleskulen på Fimland		Instedalen gjendalag vil jobbe for realisering av skulemuseeum.
Posthuset på Fimland		Huset er restaurert. Er det ytterligare behov må gjendalag og grunneigar ta initiativ til dette.
Thingneset		Framtidig planarbeid skal bidra til å styrke Thingneset sin historiske posisjon og bygningsmasse. Må skje i aktivt samarbeid med grunneigar.

Gamleskulen på Vevring	2018	I framtidig planarbeid vurdere omsynssone rundt den gamle skulen. Skulen er i privat eige, få til eit samarbeid med eigar.
Russenes friluftsområde	2018	Få rydda stiane og laga til nye skilt, i samarbeid med Helle grendelag.
Alle kulturminneløypene	2019	Over tid få skilta alle kulturminneløypene som er med i planen. Legge løypene på ut.no. Finansiering føresett eksterne midlar. Kommunen vil produsere opp brosjyrar til kvar enkelt kulturminneløype. Dette bør gjeret i 2018.

Ein ser føre seg at det er opning for å lage fleire løyper seinare.

Langsiktige tiltak	Merknad
Støypejarnskrossa på sørvestsida av kyrkja	Er like gamle som kyrkja og er viktig å ta vare på. Noko ein bør tenkje på ved ein ny plan over kyrkjegarden.
Gamle kyrkjeporten	Eit viktig kulturminne frå den gamle steinkyrkja i Naustdal.
Oppgangssag i Styggelifossen	Eit viktig industrielt kulturminne og ruinane bør takast vare på.
Utgravinga av stornaust på Gardsbøen	Her må settas opp ein informasjonstavle for å fortelje innbyggjarane og andre interesserte om kva som er funne her. På lengre sikt kan ein prøve å få til noko slikt som blir nemnd i mulighets-. « <i>Studiumet Urbane rykter Naustdal</i> » , som vart utarbeidd i revisjon på kommuneplanverket i 2008. Vurdere opplevingsenter/arkologisk senter. https://sfjk.custompublish.com/getfile.php/.../08-287-19-urbane-rykter-naustdal.pdf

6 Kjelder

- Informasjon frå Naustdal Sogelag
- Arne Johan Nærøy, *Historisk Museum, Bergen* (frå sogeskrift for Naustdal frå 1992)
- Private papirer etter Lidvald Stubhaug
- Kulturminner i Gjesdal
- Instedalen Grendalag
- Jostein Sollid
- Brosjyrar
- Munnlege kjelder
- Bygdebok for Naustdal

7 Vedlegg

- 1.Kulturminneløype rundt Naustdal (*samla av Naustdal Sogelag*)
- 2.Kulturminne i Vevring (*samla av Naustdal Sogelag*)
- 3.Turløypa Lonebrua – Grimsetstølen (*samla av Jostein Sollid*)
- 4.Kulturminne i Instedalen (*ved Instedalen rendalag*)
- 5.Andre kulturminne i Naustdal (*samla av Naustdal Sogelag*)
- 6.Brutegninger av Bærelvbrua og Gamlebrua i Naustdal